



Kommunal- og regionaldepartementet  
Postboks 8112 Dep.  
0032 Oslo

## Kommunale finansplasseringar

Vi viser til førespurnad på e-post 21.11 om førebels tilbakemelding om finansplasseringar med sikkerhet i framtidige kraftinntekter.

Bortsett frå Haugesund, jf nedanfor, har vi ikkje kjennskap til kommunar i fylket som har gjort tilsvarende finansplasseringar som dei kommunar i Nordland og Sogn og Fjordane som har vore framme i media.

Det går fram at det har vore kommunar med store kraftinntekter dette har vore særleg aktuelt for. Her i fylket vil det då vera Sauda, Suldal, Hjelmeland og Forsand, serleg dei tre siste. Av media (Stavanger Aftenblad 21.11) går det fram at Forsand og Suldal har hatt tilbod om slike plasseringar, men at ein ikkje har gått inn på dette. Vi har vore i kontakt med Hjelmeland kommune som opplyser det same.

Stavanger Aftenblad har også kontakta kommunane Stavanger, Sandnes, Klepp og Time som alle opplyser at dei held seg unna finansprodukt med høg risiko. Haugesunds Avis har fått liknande svar frå Karmøy, Tysvær og Sauda .

Når det gjeld Haugesund har vi førebels berre kjennskap til saka frå media. Vi har tatt kontakt med kommunen i dag med sikte på lovlegkontroll av kommunens finansforvaltningsreglement og om avtalen kommunen har gått inn i er i tråd med reglementet, jf brev frå departementet av 22.11. Dette arbeidet vil bli prioritert her.

Tidlegare økonomirådgevar ved embetet kjenner ikkje til at vi har vore kontakta i samband med avtalen Haugesund kommune har gått inn i.

Ut frå det som er kome fram i media gjekk Haugesund inn i ein avtale med Terra Scurities i 2004. Avtalen om eit lån på 227 mill kroner blei vedtatt i kommunestyret september same år. Lånet skal vera tatt opp med sikkerhet i framtidige inntekter i Haugaland Kraft. I fylgje kommunen skal avtalen ikkje ha ein tilsvarende konstruksjon som i dei 4 kommunane i Nordland og det dreier seg om meir ordinære verdipapir. Kommunen har engasjert Pareto for å vurdera avtalane.

Med helsing

Harald Thune  
fung. fylkesmann

Grete E. Øvernes  
avdelingsdirektør

*Saksbehandlar: Tor Olav Hauge*  
*Saksbehandlars telefon: 51 56 88 07*  
*E-post: tor.olav.hauge@fmro.no*